

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 91/2004**

**av 9. juli 2004**

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 69/2004 av 8. juni 2004<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsvedtak 2003/506/EF av 3. juli 2003 om endring av vedtak 2001/881/EF om utarbeiding av ei liste over dei grensekontrollstasjonane som er godkjende til å føre veterinærkontroll med levande dyr og animalske produkt frå tredjestatar, og av vedtak 2002/459/EF om utarbeiding av ei liste over einingane i datanettet «ANIMO»<sup>(2)</sup>, skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2003/630/EF av 29. august 2003 om overgangstiltak for Ungarn med omsyn til veterinærkontroll av produkt av animalsk opphav frå Romania<sup>(3)</sup>, skal takast inn i avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg I kapittel I del 1.2. vert det gjord følgjande endringar:

1. I nr. 39 (kommisjonsvedtak 2001/881/EF) og nr. 46 (kommisjonsvedtak 2002/459/EF) skal nytt strekpunkt lyde:  
  
”– **32003 D 0506:** Kommisjonsvedtak 2003/506/EF av 3. juli 2003 (EUT L 172 av 10.7.2003, s. 16).”
2. Etter nr. 113 (kommisjonsvedtak 2002/349/EF) skal nytt nr. 114 lyde:

---

<sup>(1)</sup> TEU L 349 av 25.11.2004, s. 23, og EØS-tillegget til TEU nr. 59 av 25.22.2004, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEU L 172 av 10.7.2003, s. 16.

<sup>(3)</sup> TEU L 218 av 30.8.2003, s. 55.

”114. **32003 D 0630**: Kommisjonsvedtak 2003/630/EF av 29. august 2003 om overgangstiltak for Ungarn med omsyn til veterinærkontroll av produkt av animalsk opphav frå Romania (EUT L 218 av 30.8.2003, s. 55).

Denne rettsakten får også anvendelse for Island.”

#### *Artikkel 2*

Teksta til vedtak 2003/506/EF og 2003/630/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

#### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 10. juli 2004, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

#### *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferda i Brussel, 9. juli 2004.

*For EØS-komiteen  
Formann*

*Kjartan Jóhannsson*

*Sekretærer for EØS-komiteen*

*Ø. Hovdinn      M. Brinkmann*

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.